



**Mitt beste juleminne er sjølvsgat i frå 1996.
Onsdag 18.desember, nesten 3 veker etter terminen,
kom endeleg Stian Sebastian til verda
på Haukeland Sjukehus.**

Ein flott julepresang på 3980 gram og 54 cm!

Søndag 22. desember var det på tide å reisa heim til Besto og Besten i Uskedalen - dei venta spent på å få møta sitt aller fyrste barnebarn.

Pga av full vinter og spinnglatte vegar fann vi det tryggast å reisa med hurtigbåten frå Os til Herøysundet. Det var sikkert litt av eit syn- far, mor, ein nyfødt liten krabat, barnevogn, blomsterhelsingar, bagar og julepresangar lessa om ein annan.

Det er ikkje tvil om kven som hadde den beste

julepresangen det året - og i år har julepresangen faktisk allereie vokse opp til å bli ein flott kar på 15 år. Biletet eg legg ved er teke under konfirmasjonen.

AnitaEnæs